

Menn utan valdtekts-sympati

Menn skulda mannlege valdtektsoffer for ikkje å kjempa mot overgriparen.

PUBLISERT 5. august 2009

Tre hundre og ein deltagarar (150 menn og 151 kvinner, med ein snittalder på 23 år) fekk lesa ulike scenario med variasjonar i kjønn og seksuell legning hos offera, og om dei sov eller var vakne då overgrepene fann stad. Etterpå skulle deltagarane svara på eit spørjeskjema om skuld.

Mennene i studien hadde mindre sympati med valdtektsofferane og plasserte generelt meir skuld hos dei enn det kvinnene gjorde. Især andre menn blei skulda for ikkje å kjempa mot overgriparen. Mennene i studien klassifiserte overgrep mot homofile menn som minst alvorleg, især når offera var vakne.

Studien blei utført av Michelle Davies og Paul Rogers ved University of Central Lancashire

- Valdtekts er eit avskyleg brotsverk, og prosessen med å få overgriparen dømd kan vera nesten like traumatiserande, kommenterer Michelle Davies til BPS Media Centre.
- Kunnskap om at særmerkte offer i særmerkte situasjonar blir tillagt meir skuld enn andre gjev dei som er involverte i behandling av offer, eit forsprang når det gjeld å føreforska kva for reaksjonar offera kan møta. u

Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 46, nummer 8, 2009, side